



## Internt notat

**Vår ref.**

2022/506-1

**Sakshandsamar:**

Sveinung Seljås, 35 04 84 30

**Arkivkode:**

L13

**Dato:**

10.03.2022

<b>Til:</b>	Hege og Tom Aslak Aarak, AT-skog v/Mona Gundersen
<b>Frå:</b>	Sveinung Seljås

### N - 32/9 - Detaljreguleringsplan Vik massetak - Referat førehandskonferanse

Tid: 28.02.22, kl. 11.30-12.00    Stad: Kommunehuset, Treungen  
Til stades: Frå planfirmaet AT-skog SA planansvarleg Mona Gundersen og frå Nissedal kommune plansjef Sveinung Seljås.

Området det er tatt initiativ til å detaljregulere, er eit område avsett med arealføremålet råstoffutvinning, framtidig, avmerka som felt BRU13 (ca. 16 dekar) i kommuneplanen (2021). I føresegnene til kommuneplanen heiter det (pkt.2.8) at uttak ikkje kan skje før det er utarbeidd og godkjent ein detaljreguleringsplan over området.

Punkt til drøfting:

#### 0. Plannamn og planidentitet

Plannamn: Vik massetak.    Planid: 3822-2022002.

#### 1. Planprosess:

Planen blir fremja som reguleringsplan-detaljplan etter §§ 12-1 til 12-7 i plan- og bygningslova. Det blir ikkje kravd planprogram eller konsekvensutgreiing (KU), jf. at planen vil vere i samsvar med overordna plan jf. felt BRU13 i kommuneplanen, sist eigengodkjent 25.03.2021.

#### 2. Planavgrensing:

Planavgrensinga skal fylgje avgrensinga av feltet BRU13 i kommuneplanen, men ei buffersone av LNFR-areal og tilkomstvegen frå RV41 vil også inngå i planområdet.

#### 3. Planframstilling:

- Området, kontrollert opp mot dei ulike tema som ligg i *NVE-atlas* kartbasar under *Naturforvaltning* eller *Vern* gir ingen treff. Faun Naturforvaltning AS har gjennomført ei biologisk-mangfaldregistrering av området, sjå lenka under:

[http://webhotel3.gisline.no/Webplan\\_3822/gl\\_planarkiv.aspx?planid=2019001](http://webhotel3.gisline.no/Webplan_3822/gl_planarkiv.aspx?planid=2019001)

Registreringa avdekka ikkje særlege naturverdiar. Innspel i varslingsfasen vil avgjere om registreringa er tilstrekkeleg.

- Søk same stad på *Naturfarar* viser ingen hendingar. Delar av området ligg derimot i utløpsområde for snøskred, (dette synest urealistisk).

- Fylkeskommunen som kulturminnemynde kan krevje arkeologisk undersøking av området. Registreringa frå Faun Naturforvaltning konkluderer med at området ikkje har synlege kulturminne.
- Det må utførast støyberekningar, og tilhøyrande støysonekart må leggjast til grunn for planarbeidet. Støyberekningane må utførast i samsvar med rettleiaren T-1442/2021, «Behandling av støy i arealplanlegging».
- Planen skal framstillast i SOSI-standard, siste versjon. Kartgrunnlaget, digitalt 1:1 000 blir levert frå kommunen. Forslagsstillar har ansvar for framstillinga heilt fram til sluttprodukt, og skal på ei veker varsel endringsbehovet er blitt kjent, t.d. etter kommunestyrets eigen-godkjenning, kunne levere ajourført kart og føresegner kostnadsfritt til kommunen.)

#### 4. Oppstartsvarsel.

Planoppstart varslast i VTB, ved varslingsbrev og på heimesida til kommunen. (Tilsendte kopi av annonse, kart og brev til fagmyndighetar og rettighetshavarar m.m. rundt planområdet blir av plankontoret lagt på kommunens heimeside.) Forslag til adresseliste over dei som bør varslast ligg på lenka: <https://www.nissedal.kommune.no/reguleringsplan-rett-til-fremje-forslag.491161.22289268.tkt.html#generelt> , og må supplerast med aktuelle naboar. Lister blir utlevert frå kommunen.

Innspelsfristen er ikkje oppgitt i pbl §12-8. I §12-9 (planar som også skal ha planprogram) er innspelsfristen sett til minst 6 veker. Det blir lagt til grunn at fristen også her blir sett til 6 veker.

#### 5. Planbehandlingsgebyr.

Kommunen v/plankontoret krev inn planbehandlingsgebyr i samsvar med vedteke gebyr-regulativ, for 2022 kr 32 000. Gebyret blir fakturert når kommunen har mottatt planforslaget til fyrstegongs behandling. Gebyrkravet blir sendt til Kjell Asbjørn Solberg AS, om ikkje anna blir avtala.

#### 6. Anna

Før uttak må massetaket ha driftskonsesjon. Søknad til Direktoratet for mineralforvaltning om konsesjon kan utarbeidast og behandlast parallelt med detaljreguleringsarbeidet. Til konsesjonssøknaden må det utarbeidast driftsplan for uttaket og avsluttingsplan for området.

Treungen 28.02./10.03.22.

Sveinung Seljås  
-plansjef